



Tilleggsinnkalling til Formannskapet

Møtedato: 22.05.2019

Møtestad: Formannskapssalen

Møtetid: 09.00

Formannskapsmedlemmene vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er på forfallskjema på kommunen si heimeside , slik at varamedlem vert innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærmere avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentcenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentcenteret.

Prosjektleiar Håvard Dyrkolbotn orienterer om Nordhordlandspakken
Næringsrådgjevar John Fredrik Wallace og Øystein Skofteland frå Norconsult orienterer om
Sambandet Vest
Asbjørn Larsen orienterer om arbeidet i Havnerådet

Sakliste

Saknr	Tittel
40/2019	Uttale til framlegg om å etablere bomstasjon ved Nordhordlandsbrua (Klauvaneset)

20. mai 2019

Øyvind H. Oddekalv
ordførar

Randi Helene Hilland
konsulent

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		19/1143

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
27/2019	Kommunestyret	PS	15.05.2019
40/2019	Formannskapet	PS	22.05.2019

Uttale til framlegg om å etablere bomstasjon ved Nordhordlandsbrua (Klauvaneset)

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret - 27/2019

KS - behandling:

Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland, H:

Meland kommunestyre oppmodar Statens vegvesen om å stanse arbeida med å etablere nye bomstasjonar på Flatøy inntil byrådet i Bergen sitt framlegg om å etablere bomstasjon ved Nordhordlandsbrua er avklåra.

Dersom byrådet sitt framlegg blir vedtatt i Bergen bystyre og i Hordaland fylkesting må det etablerast ordningar der ein vurderer bompengeinkrevjinga i Bergensområdet under eitt.

Framlegg til vedtak frå Stian Lavik, KrF:

Kommunestyret i Meland reagerer på framgangsmåten til Bergen kommune i samband med å flytta bomstasjon til Klauvaneset. Det er ikkje rett å flytta belastninga frå Åsane til dei som bur i Nordhordland. Vi vil gå i dialog med dei andre Alver-kommunane for å drøfta korleis vi skal ta opp saka med Bergen og fylkeskommunen.

Dersom byrådet sitt framlegg blir vedtatt i Bergen bystyre og i Hordaland fylkesting må det etablerast ordningar der ein vurderer bompengeinkrevjinga i Bergensområdet under eitt.

Framlegg til vedtak i møte:

Formannskapet får fullmakt til å gje ein uttale i saka. Framlegg til vedtak vert oversendt formannskapet.

Avrøysting:

Oversendingsframlegget vart **samrøystes vedteke.**

KS - vedtak:

Formannskapet får fullmakt til å gje ein uttale i saka. Framlegg til vedtak vert oversendt formannskapet.